

Super konsert avslutta korpssamlinga!

13.09.2015



Deler av storkorpset som gav konserten ei kanonavslutning.

Dei 80 skulemusikantane som i helga har hatt storseminar i Rosendal, begeistra publikum då dei avslutta samlinga med ein flott konsert i Rosendal samfunnshus i ettermiddag. Dei utstråla speleglede, og framføringane viste at helga med dei dyktige instruktørane hadde gjeve resultat.



Publikum var storfornøgd og kvitterte med trampeklapp og stående applaus!

Musikantane fekk mange godord frå leiar i Rosendal skulekorps, Martha Skeie Olsen, då ho ønskete publikum. Ros fortente også arrangørane og instruktørane for perfekt planlegging og gjennomføring.

Vertskorpset Rosendal skulekorps opna konserten under dirigent Linas Dakinevicius. Dei viste imponerande takter så tidleg i sesongen. Etter dei fekk vi høyrte Uskedal skulemusikk. Då den faste dirigenteren, Tor Skeie Olsen, var opptatt på jobb, var det Julie Skeie Olsen som dirigerte korpset fint gjennom deira program. Det 18 årige talentet var sentral i konserten då ho i tillegg til dette, og spelte med sitt eige korps, også steppa inn som støttespelar med Husnes skulekorps då dei hadde forfall på euphonium. Dei hadde ei fin avslutning av korpsavdelinga der kvart korps spela to nummer. Kjell Skarsfjord dirigerte Husnes.

I neste avdeling var det klart for framføringar frå dei ulike instrumentgruppene. Slagverksgruppa var først ute, og dei 7 slagverkarane sette standarden med imponerande framføring av to nummer. I siste nummeret brukte dei berre kroppen som instrument. Det vart eit flott, rytmisk og publikumstreffande nummer. Etter dette imponerte dei ulike gruppene i partiturordenen, kornettar først og grovmessing til slutt.

Til slutt var det klart for den store finalen med felleskorpset på 80 musikarar. Det berre forsterka den gode opplevinga dei som var til stades, hadde hatt gjennom heile konserten. Etter å ha blåse seg godt i gang med Jubilant-marsj av Per Olav Paulsen frå Sagvåg, var det klart for afrikanske rytmar. Først fekk vi høyre Ejala av Jan Magne Førde før dei avslutta med skikkeleg Tarzan-musikk, Shubidu. Den siste hadde dei øvd inn utanat.

Det var godt med folk som fekk oppleva den gode ettermiddagstunda i Rosendal samfunnshus, men dei unge musikarane hadde fortent fleire. Synes kanskje det var overraskende få av musikarane i vaksenkorpса å sjå.



Kornettgruppa i vertskorpset som sytte for ei flott opning på konserten.



Uskedal skulemusikk med dirigent Julie spelte fint i sine nummer.



Althorna imponerte også.



Slagverksgruppa imponerte, også då dei berre brukte kroppen som instrument.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland